



LOM KOMMUNE

SAKLISTE – INNKALLING

Utval/Styre/råd:	Møtedato:	Klokka	Møtestad:
Kontrollutvalet	12. februar 2018	13.00	Midtgard

Medlemmane blir med dette kalla inn til møtet som nemnt ovanfor. Dette gjeld:


- Magny Hilde
- Jan Erik Husom
- Harald Onsum Berg
- Synnøve Aukrust
- Bård Hanem

Forfall må meldast snarast mogeleg til sekretær Morten Sørhage, tlf. 469 11018
e-post: morten.sorhage@lom.kommune.no eller til leiar Magny Hilde, tlf. 480 98049.

Sakliste:

Sak nr.	Saka gjeld:
	Innkalling, sakliste. Protokoll frå siste møte.
01/2018	Årsmelding kontrollutvalet
02/2018	Orientering frå Innlandet Revisjon IKS
03/2018	Orientering frå administrasjonen
	Open post

Lom, 25. januar 2018
for Magny Hilde


Morten Sørhage
Sekretær

Kopi av innkallinga med sakliste er også sendt til:

- Ordføreren i Lom
- Administrasjonssjefen i Lom
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	12. februar 2018	01/2018
	Saksbehandlar: Morten Sørhage	

KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING FOR 2017

Vedlegg:

- Framlegg til årsmelding 2017.
- Oppfylgingsskjema KU 2017


Saksframstilling:

I følge kommunelova § 76 har kommunestyret det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve tilsynet med den kommunale forvaltninga på sine vegne.

I samsvar med kommunelova § 77 nr. 6 skal kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret. Dette kan gjerast via kontinuerleg rapportering, årsmelding, eller ein kombinasjon av desse to måtane. Kontrollutvalet i Lom gjev gjennom si årsmelding ei samla orientering til kommunestyret om utvalet si verksemd gjennom året.

Forslag til innstilling:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2017 til orientering.



LOM KOMMUNE

KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING FOR 2017

Kontrollutvalet blir vald av kommunestyret og skal på vegne av kommunestyret føre tilsyn med den kommunale forvaltninga. Alle kommunar er pliktig til å velje eit kontrollutval og lovgjevar har med dei siste endringane i kommunelova uttalt ynskje om å styrke kontrollutvalets stilling i den kommunale forvaltninga.

Kontrollutvalet har i 2017 hatt denne samansetninga:

Etter valet fekk kontrollutvalet denne samansetninga:

Medlemmar:
Magny Hilde, leiar
Jan Erik Husom, nestleiar
Bård Hanem
Harald Onsum Berg
Synnøve Aukrust

Med verknad frå 1. november 2007 skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet veljast blant kommunestyret sine medlemmar. Medlemmar og varamedlemmar i kontrollutvalet kan ikkje vere medlemmar, eller varamedlemmar i andre kommunale organ med vedtaksmynde, og kan ikkje vere tilsett i kommunen.

Likestilling/samansetjing

Kontrollutvalet er samansett av 3 menn og 2 kvinner. Krava i kommunelova om jamn fordeling er teke i vare.

Formål og målsettingar med kontrollutvalets verksemd

Kontrollutvalets oppgåver går fram av kommunelova § 77, og i forskrift om kontrollutval av 15.06.2004. Kommunestyret kan konkret be kontrollutvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne. Kontrollutvalets hovudoppgåve er å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skal i følge kommunelova sørgje for at følgjande oppgåver blir utført:

1. Rekneskapsrevisjon.
2. Forvaltningsrevisjon.
3. Gransking eller undersøkingar på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret.
4. Selskapskontroll.
5. Val av revisjonsordning etter oppdrag frå kommunestyret.
6. Budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet.

Revisjonsordning

Lom kommune har ei avtale om revisjon i eigenregi gjennom Nord-Gudbrandsdal Kommunerevisjon (NGR). Frå 1. juni 2017 oppretta NGR ei samarbeidsavtale med Innlandet Revisjon IKS. Frå 1. januar 2018 går NGR inn i Innlandet Revisjon, som da blir den nye revisjonsordninga.

Arbeidet i kontrollutvalet:

Kontrollutvalet har i 2017 hatt 7 møte og handsama totalt 29 saker. Av saker som vedkjem rekneskapsrevisjon har kontrollutvalet gjeve uttale til årsrekneskapen til Lom kommune for 2017.

Forvaltningsrevisjon:

I 2017 er det ikkje utarbeidd forvaltningsrevisjonar. Kontrollutvalet har bestilt revisjon av gjeldsforvaltning, fondsforvaltning, vedlikehaldsplan og bruk av eigedom

Selskapskontroll:

Sekretariatet har systematisk samla inn grunnlagsdokument frå aktuelle selskap etter prinsippet om avgrensa selskapskontroll. Dette gjeld selskapa Eidsfoss AS, Nord-Gudbrandsdal Revisjonsselskap IKS (NGR) og Lom og Skjåk Brannvesen IKS.

Kontrollutvalet har ikkje hatt nokon ekstraordinære saker i 2017 i form av granskingar eller undersøkingar.

Budsjett for kontroll og tilsyn:

Kontrollutvalet har laga framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn i Lom kommune for 2018, med ei ramme på kr. 767 500. Kommunestyret handsama budsjettsaka i sak nr. 55/2017.

SKNG:

Sekretariatstenesta for kontrollutvalet blir utført av Sekretariat for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG), fordi korkje kommuneadministrasjonen eller revisjonen kan ha denne funksjonen. SKNG er eit interkommunalt samarbeid oppretta av kommunane i Nord-Gudbrandsdalen, og sekretariatet er direkte underlagt kontrollutvala. Sekretariatet har i heile 2017 hatt leiar i full stilling.

Magny Hilde har vore Lom kommune sin medlem i styret for SKNG, medan Synnøve Aukrust var varamedlem.

Magny Hilde

Jan Erik Husom

Bård Hanem

Harald Onsum Berg

Synnøve Aukrust

Oppfølging av KU-saker 2017

Møte	Saknr.	Sak	Vedtak	Sendes/ behandles	Behandlet	Oppfølging	Ferdig
25.01	01/2017	Orientering fra NGK	NGK orienterte				X
	02/2017	Plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2021	Innstilling til kommunestyret: - Kommunestyret godkjenner kontrollutvalets framlegg til plan for forvaltningsrevisjon 2017 - 2021. - Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjøre grunnleggende endringer i planen i valperioden, om utvalet finner dette formålstjenlig.	K-styret	22.06.17 PS 35/2017 Som forslaget. Samrøystes		X
	03/2017	Plan for selskapskontroll 2017 – 2021	Innstilling til kommunestyret: - Kommunestyret godkjenner kontrollutvalets framlegg til plan for selskapskontroll 2017 - 2021. - Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjøre grunnleggende endringer i planen i perioden, dersom utvalget finner dette formålstjenlig.	K-styret	22.06.17 PS 34/2017 Som forslaget. Samrøystes		X

08.03	04/2017	Kontrollutvalets årsmelding 2016	Innstilling til kommunestyret: Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2016 til orientering.	K-styret	22.06.17 Ps 33/2017 Som forslaget. Samrøystes		X
	05/2017	Revisjonshonoraret 2016	Kontrollutvalet tek spesifikasjonen av revisjonshonoraret for Lom kommune for 2016 til orientering.				X
	06/2017	Revisjonsstrategi 2016	Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.				X
	07/2017	Orientering om varslingsrutinar	Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Kontrollutvalet peiker på at alle tilsette jamnleg må bli informert om varslingsrutinene i kommunen. Ein god varslingskultur er viktig, det er positivt at kommunen arbeider med holdningar i eigen organisasjon.				X
	08/2017	Open post	Utvalet presiserte utgangspunktet for forvaltningsrevisjonsprosjekt. Dei ynskjer ein samanlikning/oversikt av økonomiske måltall. Spesielt ynskjes analyse av gjeldstilhøve. Utvalet ynskjer orientering om forskjellige tema for evt. vurdering. I neste møte: Barnevern - omfang, arbeidsmetodikk, varsling.	KU			X

	Ved seinare høve, der ein tek sikte på eit møte innan sommarferien: Integreringsarbeidet med flyktningar. Kontrollutvalet set spørsmål ved reduksjonen av budsjett for kontroll og tilsyn og kor store konsekvensar dette har for arbeidet. Kommunen er bunde av kontrakt om samarbeid mellom kommunane, der kostnadane fordelast etter ein fordelingsnøkkel mellom dei seks Norddalskommunane. Lom har einsidig redusert budsjettet, noko som bryt med samarbeidsavtalen. Eit spørsmål er kva konsekvensar dette fører til for vidare samarbeid. Eit anna spørsmål problemstillinga reiser er om Lom ynskjer å gå ut eller reforhandle avtalen.		
	Kontrollutvalet gjev utvalsleiar fullmakt til å forme brev om eventuelle følgjer av budsjettreduksjonen. Følgjene vil vera anten: 1. Kommunen må betale etter fordelingsnøgkelen utan omsyn til vedtaket om budsjettendring 2. Dersom kommunen ikkje ønskjer å betale etter avtalen, må avtalen seiast opp eller reforhandlast.		

13.06	09/2017	Lom kommune – årsmelding og årsrekneskap 2016	Uttale	K-styret	22.06.17 PS 21/2017	X
	10/2017	Skatteetaten – kontrollrapport 2016	Kontrollutvalet tek rapporten om skatteoppkreverfunksjonen i Lom kommune for 2016 til orientering.			X
	11/2017	Bestilling av forvaltningsrevisjon	Handsaming: Kontrollutvalet drøfta alternative prosjekt som gjeldsanalyse, oppfølging av politiske vedtak, bruksplan eigendomar og næringsutvikling. Utvalet ynskjer å få ein revisjon på analyse av gjeld og bundne driftsfond i forhold til investeringsplan og vedlikeholdsplan. Vedtak: Sekretær får fullmakt til å utforme forslag til problemstillingar til NGK. NGK legg fram ein gjennomgang med framdriftsplan av prosjektet innan 22. august 2017.	Skr.	28.06.17	X
	12/2017	Samanslåing av NGK og Innlandet Revisjon IKS	Innstilling til kommunestyret: 1. Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon (NGK) og Innlandet Revisjon IKS blir slegne saman frå 1.1.2018 med alle aktiva og passiva. 2. Lom kommune går inn som deleigar av Innlandet Revisjon IKS med eigarandel og innskot som er beskrevet i selskapsavtalen.	K-styret	22.06.17 PS25/2017 §2 endres til: Innlandet Revisjon har hovedkontor i Lillehammer og fast bemanna kontor på	X

22.08	13/2017	Framdrift forvaltningsrevisjon	3. Selskapsavtalen for Innlandet Revisjon IKS godkjennast og gjeld frå 1.1.2018. 4. Innskotet som Lom kommune skal betale til Innlandet Revisjon IKS blir dekket av oppsparte egenkapital i Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon				
			1. Kontrollutvalet tek prosjektpånen til orientering. 2. Sekretær sender tilleggspånemstilling til NGK: - Har Lom kommune ein heilheitleg pån for bruk av eigedom (hus, tomt) Samrøystes.				X
	14/2017	Presentasjon av revisjonsløyising	Informasjonen er teken til orientering. Samrøystes.				X
	15/2017	Årsmelding og årsrekneskap NGK	Kontrollutvalet tek årsrekneskapen og årsmeldinga til orientering. Samrøystes.				X
	16/2017	Presentasjon av revisjonsløyising	Informasjonen er teken til orientering. Samrøystes.				X
	17/2017	Årsmelding og årsrekneskap NGK	Kontrollutvalet tek årsrekneskapen og årsmeldinga til orientering.				X
20.09	18/2017	Orientering frå administrasjonen	Lom og Skjåk Barnevern v/Beate Stø orienterte.				X

19/2017	Eigarskapsmelding	Utvalet gjekk gjennom meldinga. Utvalet peikar på ein inkurie i eigarskapsmeldinga – Dal-Gudbrandsdal er ikkje lenger i Sør-Fron kommunes eige. Utvalet drøfta økonomisk risiko ved ansvarlege selskap. På bakgrunn av dette ynskjer utvalet oversikt over saksutgreiing og handsaming av eigardel i Lom Tamreinlag ANS.	Skr.	Oversendt adm. 2.10.17		
20/2017	Budsjett 2018 – kontroll og tilsyn	Innstilling til kommunestyret: Kontrollutvalet i Lom kommune tilrår eit samla budsjett for kontroll og tilsyn for 2018 på kr. 767 500.	K-styret	PS 55/2017		X
21/2017	Open post	Kontrollutvalet ynskjer ei førebels oversikt frå revisjonen om utviklinga i gjeldshøva, jfr. bestilling av forvaltningsrevisjon. Sekretær sender førespurnad med frist for attendemelding 15. oktober. Sektorleiar Egil Haug gjorde greie for framdrift i budsjettprosessen. Han gjorde greie for praktisk tilnærming, grunnlaget for arbeidet og framdriftsplanen. Kontrollutvalet ynskjer oppfølging av budsjettprosessen og legg opp til eit	Skr.			X

				møte ultimo oktober. Administrasjonssjefen vert innkalla.					
19.10	22/2017	Frandrift forvaltningsrevisjon		Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.					X
	23/2017	Orientering frå AS Eidefoss		Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.					X
	24/2017	Open post		Til neste møtet kallar kontrollutvalet inn administrasjonssjef for å orientere om internkontrollsystemet. Utvalet ynskjer oversikt over risikovurderinga i systemet, målsetting og oversikt over registrerte avvik.	Skr.				X
11.12	25/2017	Orientering frå administrasjonen		Internkontroll Budsjettprosess/økonomisk situasjon					X
	26/2017	Oppdragsavtale med Innlandet Revisjon IKS		Kontrollutvalet godkjenner oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS					X
	27/2017	Overordna revisjonsstrategi 2017		Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.					X
	28/2017	Vurdering av revisors uavhengigheit 2017		Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.					X
	29/2017	Arbeidsmøte		Planoppsettet er dynamisk og blir rullert gjennom året.					X

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	12.februar 2018	2/2018
	Saksbehandlar:	

Vedlegg:

Kundebrev frå Innlandet Revisjon IKS

ORIENTERING FRÅ INNLANDET REVISJON IKS

Samarbeidet med Innlandet Revisjon IKS kom i stand 1.1.18. Kommunane er i gang med årsavslutning 2017. I samband med dette tilhøvet vil representant frå revisjonen orientere direkte i kontrollutvalet. Hovudpunkta for orienteringa:

- Drift av selskapet Innlandet Revisjon IKS
- Oppdragsavtalen
- Utføring av revisjonstenestene



Innlandet Revisjon IKS

Lillehammer, 22.01.2018

J.nr./Referanse: 2018-071 /BH

Til

Deltakerkommunen:
Ordføreren/fylkesordføreren
Rådmannen/fylkesrådmannen
Kontrollutvalget

Kundebrev nr. 1/2018 Avslutning og behandling av årsregnskapet 2017.

Avslutning av årsregnskapet

Vi minner om fristen 15. februar 2018 for rådmannens/fylkesrådmannens avleggelse av årsregnskapet jf. kommuneloven § 48 og forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10.

Vi ber om at årsregnskapet oversendes revisor så snart det foreligger. Inneholder årsregnskapsdokumentet andre regnskaper bes dette omtalt i oversendingsbrevet. Årsregnskapet er offentlig fra det tidspunkt det er avlagt av rådmannen/fylkesrådmannen.

Årsregnskapet bør kontrolleres og kvalitetssikres på en betryggende måte før oversending til revisjon. Dokumentasjon av kontroller og avstemminger skal oppbevares på en oversiktlig måte og stilles til disposisjon for revisor.

Årsberetningen skal utarbeides av rådmannen/fylkesrådmannen og avgis innen 31. mars 2018. Vi ber om at den oversendes revisor samtidig med at den sendes til det organ kommunestyret/fylkestinget har bestemt. Obligatoriske opplysninger som skal gis i årsberetningen framgår av kommunelovens § 48 nr. 5 og forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10.

Kan ikke kommunen overholde fristene for avleggelse av årsregnskap eller årsberetning, bes rådmannen/fylkesrådmannen ta kontakt med oss så fort som mulig for å avtale ny dato for avleggelse.

Behandling av årsregnskapet

Årsregnskap og årsberetning 2017 skal behandles i henhold til kommunelovens § 48 og forskrift om årsregnskap og årsberetning, herunder vedtas av kommunestyret/fylkestinget selv senest 1. juli 2018.

Revisor skal avgi revisjonsberetning til kommunestyret/fylkestinget uten unødig opphold etter at årsregnskapet og årsberetningen er avlagt, og senest 15. april 2018. Har revisor ikke hatt tilstrekkelig tid til å gjennomgå rådmannens/fylkesrådmannens årsregnskap og årsberetning vil revisor skrive ny revisjonsberetning når regnskapet og årsberetningen er ferdig revidert og trekke tilbake

Hovedkontor:
Kirkegata 76
2609 Lillehammer
Tlf. 61 28 90 80

Kontor Gjøvik:
Studievegen 7
2815 Gjøvik
Tlf. 61 28 90 80

Kontor Otta:
Ola Dahlgate 3
2670 Otta
Tlf. 61 28 90 80


Firma:
E-post: postmottak@irev.no
www.irev.no
Postboks 988
2626 Lillehammer
Reg. nr. 987 769 386 MVA
Bank kto. 1604 11 46927

revisjonsberetningen avgitt 15.april 2018. Revisjonsberetningen er en del av saksdokumentasjonen ved behandlingen av årsregnskapet i formannskapet/fylkesutvalget, kontrollutvalget og kommunestyret/fylkesting.

Kontrollutvalget skal avgi uttalelse om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget. Kontrollutvalgets uttalelse er en del av saksdokumentasjonen ved behandlingen av årsregnskapet i formannskapet/fylkesutvalget samt kommunestyret/fylkesting.

Revisor har møteplikt og vil være til stede i kontrollutvalget og kommunestyret/fylkestinget når årsregnskapet og årsberetningen behandles. Vi ber derfor om å bli informert om tidspunkter for behandling i kontrollutvalget og kommunestyret/fylkestinget. Revisor kan om ønskelig gi en orientering og svare på spørsmål knyttet til revisjonsberetningen. Kommunen kan om ønskelig avtale med revisor om tilstedeværelse og informasjon ved formannskapets/fylkesutvalgets behandling.

Med hilsen


Bjørg Hagen
Daglig leder

MØTEBOK

Utval/styre/råd:	Møtedato:	Saksnr:
Kontrollutvalet	12. februar 2018	3/2018
	Saksbehandlar:	Morten Sørhage

I sak nr. 29/2017 OPEN POST 12. desember 2017 vart dette protokollført:

Kontrollutvalet ynskjer fast kvartalsvis gjennomgang av avvik internkontroll.

Representant(ar) frå administrasjonen stiller med orientering om tilhøva.